



Valldal Idrettslag

Styremøte Valldal IL

Torsdag 25. juni 2020 kl 19.30-21.00

Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Trond Håvoll, Ellisiv Jarvik

Fotball v/Solfrid Fjeldstad

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Disksport v/Richard Moen

Forfall:

Anne Nygård, Turid Løvoll (1. varamedlem)

Ski v/Jan Ole Fuglem

Sakliste -

18/20 Diverse informasjon

- Det føreligg tilbud frå TEBE-sport om djuprens av kunstgrasbana. Pris kr 19.625. Arbeidet vert utført i løpet av juli
- Friidrettsbana er sprøyta for ugras.
- Det er muleg å bruke sandvolleyballbana på Sylte. Netta vert sett opp ein av dei komande dagane.

19/20 Konstituering av styret etter årsmøtet

Val av

- | | |
|-----------------------------|--------------------|
| - Kasserar: | Trond Håvoll |
| - Skrivar: | Anne Nygård |
| - Styremedlem/Husansvarleg: | Ellisiv Jarvik |
| - Ansvarleg politiattest: | Solfrid Fjeldstad |
| - Ansvarleg barneidrett: | Odd Lennart Vikene |

20/20 Olsok

Det er tidlegare bestemt å arrangere Jordbærdilten. "Ferdafolk", Ingunn Linge Valdal og Knut Ivar Bøe tilbyd konsert på olsok. Det er 25 år sidan duoen spelte saman for første gong- på Olsok i Valldal. Konserten kan leggast til Fjellrohagen der det kan vere muleg å ha kontroll på inntil 200 personar. Styret bestemte å arbeide vidare med desse to arrangementa.

Til å organisere og førebu vart utpeika: Trond Håvoll, Solfrid Fjeldstad, Magne Eivind Glomnes og Einar Hoel

21/20 Sekretærfunksjon

Viser til tidlegare diskusjonar om lønna sekretær i idrettslag. Stillinga kan vere om lag 30 % Kostnaden vil vere om lag 120.000 kroner pr år. Det vart diskutert ulike oppgåver som kan



Valldal Idrettslag

leggast inn i stillinga, men det er vanskeleg å fastsette detaljert før ein har ein aktuell kandidat

Stillinga skal lysast ut rett over sommaren. Det kan søkjast råd med personalansvarleg i Fjord kommune. Aktuelle kandidatar bør kallast inn til samtale/intervju. Styret gjer endeleg vedtak om tilsetting.

21/20 Kontrollutval – kasserarfunksjon i idrettslaget

På årsmøtet vart det vald kontrollutval som har utvida funksjonar i høve til det revisorar hadde før. Det har også vore innspel på at det bør vere ei samordning for kasserarane i gruppene og hovudkasserar. Det vert eit fellesmøte i august med styret, kasserarar, kontrollutval og rekneskapskontor. Aktuelle tema på eit slikt møte vil m.a. vere mandat for kontrollutval, kasserararbeidet, kontoplan og tilbod frå rekneskapskontoret.

22/20 Møteplan haust 2020

Styremøter vert torsdagar på følgjande datoar

- 20. august
- 1. oktober
- 5. november
- 4. desember

Det kan vere aktuelt med justering av dato m.o.t. styremøte i august/september for tilsetting av sekretær.

23/20 Idrettsskule

I samband med 100 års jubileet fekk idrettslaget ei gåve på kr 100.000 frå Sparebanken Møre. Vilkåret er at gåva skal brukast til idrettsskule for yngre og vert ikkje utbetalt før denne er i gong. Odd Lennart lagar ein plan for idrettsskulen med organisering og aktivitet i ulike idrettar. Aktivitet vert lagt inn i eit årshjul. Det vert også sett på korleis idrettsskulen var organisert tilbake i tid. Målet er å starte opp idrettsskule til hausten.

Einar – referent -